




BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 4, 2005/2006

April, mai, juni

President Anders Lausund




Redaksjonskomité: Magne Lundemo, Harald Gudbrandsen, Johanne Alvestad, Thor Grønmyr

Møte 04.04.2006

Konsert i ID-huset

I staden for det oppsette programmet, vart kveldens møte flytta til Ingebrigts Davik-huset der det var storfint besøk frå Danmark, sjølvaste souldrønninga Hanne Boel. Mange av klubbens medlemmer hadde fått seg billettar til denne konserten og ingen som var til stades angra på den investeringa. Saman med dei flinke medmusikantane sjarmerte ho alle med sin flotte stemme og svingande melodiar. Ingebrigts Davik-huset syntet seg å passe perfekt til dette akustiske formatet og det virka som om artistane på scena også storkosa seg. Ein flott konsert – vi ser fram til nye storbesøk i Ingebrigts Davik-huset!



ML

Møte 18.04.2006

Åremål: Hallvard U / Bjørn J.
Kveldens hovudpost: Nytt frå mitt yrke v/Arne Tande

Arne sit sjølv i leiinga i bedrifta og kunne fortelje oss om ei bedrift i stor utvikling og relativt fulle ordrebøker. Bedrifta har stadig eit nært samarbeid med I.P. Huse på Harøya, men elles er



det stor aktivitet mot fjerne markeder som Polen og ikkje minst Kina og Korea. Arne brukte mykje tid på å fortelje om arbeidet med å utvikle sikrare dekkoperasjoner på riggar og ankerhandteringsbåtar (Safe deck operations). Det har skjedd ein stor utvikling med tanke på vinsjane og den kapasiteten desse har i dag samanlikna med tidlegare. Han viste mellom anna ein animasjon der vi fekk sjå korleis kraner i dag gjer den jobben som mannskap på dekk tidlegare måtte gjere. Slike kraner vert no monterte m.a. på båtar som vert utstyrte på Søviknes.

ML

Møte 26.04.2006

Rotarymøte 25.04.2006

Mini Jakobsen:

Jobb mot same mål

"Eg kan mykje om fotball, men lite om Haram kommune. Kvifor skal eg kome her og snakke om Haram? Fordi same regelen gjeld i næringslivet som i idrett. Skal ein skape entusiasme i laget må alle yte og gjere det dei er best til," sa Mini Jacobsen.

Mini Jacobsen var som eit fyrværkeri under Vårseminaret i Brattvåg. Han liten av vekst, men han brukte store ord og mange historier som krydra bodskapen.

Mini var invitert til Haram for å snakke om kor viktig det er å vere gode i lag. Haram kommune har mange kvalitetar og har mykje kompetanse. Spørsmålet er korleis ein skal finne felles mål og måtar å arbeide på for å nå måla.

Mini Jacobsen samanlikna kommunen og næringslivet med eit fotballag. Vi må ønske at andre skal vere god. Alle må vere medansvarleg på det ein skal prestere. Min påstand er at Rosenborg vart så god på grunn av Nils Arne Eggen. Han skapte entusiasme i laget - kvar dag, og fekk oss til å prestere. Han var Noregs beste trenar - utan tvil, sa Mini Jacobsen. Sjølv om han hadde eit gnistrande temperament var det ikkje lov å vere sint meir enn nokre sekund i gongen.

Det nyttar ikkje at nokre få spelarar er god, det gjer ikkje laget godt. Alle må bruke egoet sitt til fellesskapet beste. Ein viktig føresetnad for suksess er å gi andre suksess, understreka han.

Jakobsen peika også på kor viktig det er for ei verksemد korleis ein møter publikum og kundane. Han tok spesielt fram dei som jobba i sentralbordet og elles dei første som møter kundane. Det er heilt avgjerande for bedrifta at kundane får eit positivt inntrykk. For å få gode medarbeidrarar er det viktig at dei får positive tilbakemelding. Alle set pris på ros og det medverkar til at ein føler seg verdsett og skaper entusiasme. Alle på «laget» er like viktig, slo Mini fast.

På spørsmål frå salen om kvifor

det ikkje vart vellukka då Eggen kom tilbake til Rosenborg som konsulent, svara Mini Jacobsen at Eggen var ikkje nokon konsulent. Det var alt eller ikkje noko. Han kunne ikkje kome attende som den sjuande far i huset. Det var ikkje vellukka, svara han. Jobb saman mot same mål, ha tru på at det går og skap entusiasme, oppmoda Mini Jacobsen før han forsvann for å nå flyet.

Etter Mini kom Haram Fusion Factory på bana og med lysbilde i bakgrunnen som viste bilde frå Haram vart det ei feiande avslutting på første del av seminaret. Det er Haram Innovasjonsstudio i samarbeid med Haram kommune og Haram Næringslag som arrangerte seminaret.

HS

Møte 02.05.2006

Møtet i dag var den årlege dugnaden på parken ved kyrkja. Samarbeid med Brattvåg hagelag fungerer fint og vi får pynta og laga til rundt kyrkja. Bra frammøte og stor arbeidsinnsats frå medlemmane gjorde sitt til at vi får sjå parken frå si finaste side. Kaffi og ein liten matbit er viktig for gode arbeidskarar

TG



Bjørn S. steller i Parken



Rolf H. i kjent positur—som vanleg er det han som steller med rosebedet!

Møte 09.05.2006

Fritt møte

Ingen klubbsaker.

Rolf H. holdt et meget interessant foredrag om Grander-systemet - Revitalisering av vann. Et system som bl.a. benyttes på Haug - Badeland på Raufoss - og til rensing av drikkevannet i Moskva m.a.

Grander-prosessen endrer den indre struktur av vann og fører vannmolekylene tilbake til en høyere ordnet tilstand, noe som gjør vannet mer stabilt. Effekten er omstridt, men skal ha positiv virkning på både planter, dyr og mennesker. Rolf kom med mange eksempler.

Systemet består av en sylinder med Grander-vann som skal revitalisere - rense - vannet som passerer. Det resulterer i at forbruket av kjemikalier for å rense drikkevannet reduseres - forurensning blir mindre og strømforbruket til temperering blir mindre. Hva Grander-vannet består av er en godt bevart hemmelighet.

Rør, pumper og annet utstyr som kommer i kontakt med dette vannet ruster mindre.

Etter foredraget kom mange

spørsmål om temaet - de fleste skeptisk ladet.

Men Rolf hadde tro på det utfra egen erfaring.

HG

Møte 16.05.2006

Fritt møte. Formann Anders ønska velkommen og orienterte om klubbsaker.

Sigurd Landsverk har runda 70 år. Vi gratulerer.

Rolf Haugerud tok opp tankane sine i samband med lite frammøte den seinare tida. Vert viktig med god informasjon i forkant av møta både om tema og påminning om møtet. Endringer i holdningane til frammøte er tydelege i forhold til tidlegare år.

TG

Møte 23.05.2006

Stress og stressmestring ved Fredrik Møller Christensen.

Anders ønska velkommen og orienterte om klubbsaker. Klubben har betalt inn 1368 US\$ til Rotary Foundation. Målsettinga var 1275 US\$.

Fredrik Møller Christensen arbeider ved Medi 3 og er også formann i Ålesund rotaryklubb dette året. Han er utdanna fysioterapeut men har tatt vidareudanning inn mot stress og mestring.

Han gjekk igjennom definisjoner av stress. Han enda på situasjoner som individet føler som trussel mot seg sjølv og korleis ein opplever negative konsekvenser. Vi hadde ein gjennomgang av dei ulike stressorane både kvalitative og kvantitative.

Endringane vi opplever vil ofte stresse oss, medan vi søker etter det trygge i kvarldagen.

Stikkord for situasjoner som lett stresser oss er endringer, det ukjente, konflikter, press td. i arbeidssituasjoner, kjed somhet og liknande. I samband med eksponering mot situasjoner vil individet reagere med stress reaksjoner. Individet vil søke etter å mestre stresset på ulike måter.



Stikkord i denne samanheng er endre adferd, unngå situasjoner, akseptere og auke toleranse for eksponering. Vi har alle primære, sekundære og tertiære verdier som vi må leve opp til. Normene som vi må forholde oss til blir også viktige i forhold til handlingane våre. Fredrik har arbeidd ein del med det ein kaller Eksponeringsteori i forhold til mestring av stress. Han ga uttrykk for at han har god effekt med å utøve denne metoden på klienter. Prinsippet bygger på gjenkjennung av situasjoner og oppbygging av forsvarsmekanismer. Han viste oss med skjema dei ulike mekanismene individet nytter seg av i slike høve. Individet trener på å takle reaksjonane og på denne måten redusere reaksjoner som igjen gir auka forståing for den enkelte. Individet lære seg å mestre situasjonane og takle dei ulike reaksjonane ein opplever. Det som vert målet for den enkelte vert å få oppleve positive reaksjoner på dei ulike eksponeringane. Ein annan kjent teori er kognitiv modell som går igjennom automatisering av tenkte tanker og situasjoner. 70-80 % av alle sjukdomar som vert behandla av det offentlege helsevesenet har sitt utspring i psykososmatiske lidelser.

Til slutt gjekk han igjennom symptomer på stress slik som individ opplever dei. Unnvikelse er ein vanleg måte å unngå situasjoner på som til slutt ofte fører til negative reaksjoner.

Vi takker Fredrik for eit engasjerande og interessant foredrag.

TG

Møte 30.05.06

Anders ønska alle vel møtt. Han orienterte om endringer i programmet ut året. Fisketuren vert utsett på ubestemt tid. Det synes vanskeleg å finne plass til denne før sommarferien. Det kan vere aktuelt å ta igjen den til hausten. Det vart bestemt dugnad på Brattholmen 13.06.2006

Rolv Rørhus har fylt år. Vi gratulerer.

Møtet vart eit fritt møte men Njål Remmereit hadde funne tak i eit gammalt tidsskrift som heiter Møre Bygdeblad. Redaktør for dette var Lars Hatlehol. Njål hadde funne tak i eit innlegg skrive av Jørgen Stene der han beskrev arbeidstilhøva på denne tida.

Eit innlegg som var interessant for oss yngre i høve til korleis ein hadde det i arbeidslivet tidlegare.

I samband med dette innlegget fekk vi fleire utdjupingar fra Johan Mork og Rolf Haugerud. Dei fortalte om tilhøva slik dei huska dei frå dei var unge. Johan fortalte litt om korleis det var når han kom til Brattvåg og han orienterte også om lønsvilkår i mellomkrigsåra og tiltak som nødsarbeid. Rolf fortalte om tidlege erfaringer Jar og Skøyen den tida han tok til i arbeid.

Rolv Rørhus las fleire innlegg fra tidsskriftet Møre Bygdeblad. Neste styremøte vart bestemt til 20.06.2006

TG

Møte 06.06.2006

Hagevandring hos Eli Ekroll Dette var eit sammøte med Inner Wheel og det var såleis ein stor flokk som møtte fram i Engeset-dalen for å studere den særegne hagen til Eli Ekroll. Vertinna tok vel i mot oss på alle måtar og syntet oss rundt i den vakre hagen sin. Eli har komponert ein heilt spesiell blomsterhage. Ho har aldri vore redd for å prøve ut nye plantar og har eksperimentert med mange ulike frøtypar. Såleis har hagen fått eit heilt særegne og eksotisk preg og det vanka mange superlativar frå imponerte gjestar. Etterpå var det sjølv sagt høve til å kjøpe plantar og sammen vart det servert kaffi og kakker også...

ML

Møte 13.06.2006

Kveldens møte var lagt til Bratt-holmen og til ein ny dugnadsinnsats der. Rolf R. frakta oss trygt over til øya der seks par hender og to motorsager fekk rydda vel 100 nye m² på austsida av øya. Kraftig vind gjorde det umogleg å brenne bål, så denne gongen vart alt lagt i nye dungar, det kjem vel eit høve seinare der tørrveden kan brennast. Som vanleg fekk vi besøk av dei innfødde, som også denne gongen fekk meske seg med fersk, grøn og herleg rognelauv og ditto granbar (sjå bilete).





PS Referenten fekk i oppdrag av Njål å finne namnet på eit av tre slaga som veks der ute (sjå ill.). Etter å ha konferert med kollegaer og planteleksikon er svaret at dette treet enten er svart- eller raudhyll.



ML

Møte 20.06.2006

Åremål: Helge A.

President Anders ønska oss velkomne og minte om neste møte som er presidentskifte. Påmeldingsliste vart sendt rundt. Hovedpost for kvelden var det Ivar som stod for. Han har samla masse bildestoff frå Brattvåg Rotaryklubb si historie og i samband med at klubben i år er 40 år, var det naturleg med eit historisk tilbakeblikk. Ivar starta med å minnast arbeidet i forkant av charteringa som skjedde hausten 1966. Frå charterfesten refererte han m.a. frå Egil B. sin tale under middagen. Vidare fortalte han om drifta i klubben fram gjennom åra, om dei to fadderklubbane våre, om æresmedlemmene, 15 kulturprisvinnarar, stiftinga av Brattvåg pensjonistlag, ungdomsutveksling, Brattvåg Vassverk, div. sosiale samvær, herunder mange bilete frå hausturane. Det vart ein

skikkeleg historisk sus over denne kvelden og eit triveleg møte med vår eiga historie.

ML

Møte 27.06.2006

Presidentskifte

President Anders ønsket velkommen til ledsagere og medlemmer. Han overrakte først Helge 50-års presang - slipsnål og mansjett-knapper med Rotary-motiv og gratulerte Lidvar med overstått fødselsdag.

Anders tok så en gjennomgang av sitt år som president og takket medlemmene for en positiv innstilling. Han takket spesielt Programkomiteen for mange gode program og Helge fra Kameratskapskomiteen, sekretær Lidvar og Njål for ekstra innsats på sine felt.

Rolf H. fikk sin årlige rose for 100% frammøte.

Så foretok Anders overrekkeelse av kjede og klubbe til påtroppende president Tove og ønsket henne lykke til som president i Brattvåg Rotaryklubb. Tron ble også med på lasset og hans historie ble gjenoppfrisket. Tove overrakte så "past"-nåla til Anders og takket for måten han hadde ledet klubben på og hans alltid positive innstilling før hun overrakte blomster fra



klubben.

Tove tok så over og takket for tilliten. Hun så for seg et spennende og lærerikt år, der hun ønsket å bevare det gode klubbmiljøet. Gode program og frie møter, internt Rotary-stoff - 3-min. skal fortsette som før og medlemsutvikling og verving av nye medlemmer skal få høy prioritet. Det skal arrangeres 40-års fest til høsten - og ny organisasjonsplan for klubben skal innføres.

Så var den formelle del over og vi kunne kose oss med baccalao som Rolf H. hadde laget - "det finnes flere hundre oppskrifter - men bare en er perfekt" - sier Rolf. Men først sang vi "Velkommen til Presidentskifte" - diktet av Kirsten H. og som hun også akkompagnerte oss til. HG

